

Mange borte men demensaksjonen gav 19 500

18.09.2014



Glad, ung innsamlar kjem med bøssa si til Selma Eik og Hilda Guddal, Det er Isak Soltveit Taranger

På sikt kan det vera mogeleg å førebyggja. forseinka og kanskje forhindra demens. sa ein av landets flinkaste forskarar før årets demensaksjon i Nasjonalforeningens regi. Og eit bidrag til det gav også uskedelingane i kveld då årets demensaksjon nådde 19 500 kroner i bygda, Igjen vart det eit godt resultat av eit felles løft



Berit Huglen og Randi Nybakk har gjort runden nederst i dalen

Resultatet blir å liggja rundt 20 000 og har vore oppe i 24 000. Når det ikkje kom fullt så høgt denne gongen, har ein ikkje noko anna å skylda på enn det fine veret. Innsamlarane klaga over at svært mange ikkje var heime. For organiseringen var det ingen grunn til å klage over, den var velsmurd som alltid med 22 innsamlarar klare og full dekning i bygda.

Ingen av dei rundt rekna 1050 uskedelingane skulle oversjåast i denne innsamlinga som er så viktig i forskarkampen mot demensen, Og dei som ikkje var heime kjem vel sterkare att i dag?

Selma og Margit Eik som var leiarar av det heile og satt i Gamleskulen er svært godt fornøgdde så langt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen